



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
21.10.2013
Dykkar dato
21.08.2013

Vår referanse
2013/3602 - 561
Dykkar referanse
201103007-

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til fire søknader om å byggje småkraftverk ved Veitastrondsvatnet, Luster kommune

Vi viser til oversendinga datert 21.8.2013 og til e-posten der fristen vart utsett til 21.10.2013.

Fylkesmannen har vurdert om fire nye småkraftprosjekt i Årøyvassdraget i Luster kommune kan råke kjende allmenne interesser. Prosjekta er planlagde i eit område med store landskaps- og friluftsverdiar, men dei vil i ulik grad råke desse verdiane. Kjerringnes kraftverk vil medføre inngrep i eit urørt naturområde, men vi vil ikkje gå i mot prosjektet slik det er planlagt. Ugulsvik kraftverk vil, slik det er planlagt, få store konsekvensar for landskapet på grunn av tekniske inngrep ei bratt fjellside og låg minstevassføring. Prosjektet kan verte akseptabelt for dei allmenne interessene om vassvegen vert lagt i tunnel og det ikkje vert bygd veg, samt at minstevassføringa vert auke minst til 5-persentilnivå for sommarperioden. Storelvi øvre kraftverk er etter vår vurdering akseptabelt for dei allmenne interessene, under føresetnad av at det ikkje vert gjort inngrep i dei unike jettegrytene nedanfor inntaket og at elveøyra ovanfor vert ivareteke. Vi tilrår difor at ein del av vassvegen vert lagt i tunnel. Vi rår i frå at det vert gjeve konsesjon til Storelvi nedre kraftverk, fordi inntak, kraftverk og regulert elvestrekning vil vere svært synlege og vil etter vår vurdering råke landskapet og friluftsiinteressene i stor grad. Vidare må det vurderast om den samla påverknaden av å byggje fleire nye kraftverk i Veitastrond-området vert så stor at prosjekt bør avslåast sjølv om dei kan akseptast kvar for seg. Vi vurderer det som positivt at kraftutbygging i Storelvi kan gje sikrere straumforsyning i Veitastrond.

1. Bakgrunn.....	2
2. Utbyggingsplanar	2
2.1 Kjerringnes kraftverk	2
2.2 Ugulsvik kraftverk	2
2.3 Storelvi øvre og Storelvi nedre kraftverk	3
3. Miljøvern fagleg vurdering	3
3.1 Kjerringnes kraftverk	4
3.2 Ugulsvik kraftverk	5
3.3 Storelvi øvre og Storelvi nedre kraftverk	6
3.4 Ureining, vasskvalitet og støy	8
4. Landbruksfagleg vurdering	8
5. Beredskapsfagleg vurdering	9

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

1. Bakgrunn

NVE har sendt på høyring fire søknadar om å byggje småkraftverk i Årøyvassdraget i Luster kommune. Det er planlagt å redusere vassføringa over samla elvestrekningar på om lag 3,9 km. Vidare er det planlagt å etablere totalt om lag 4,0 km nye vassvegar (røyrgate/tunnel) og å byggje om lag 2,2 km nye vegar. I tillegg er det behov for å oppgradere eksisterande vegar og etablere nye kraftliner. Samla vil kraftverka, slik dei er planlagde, produsere årleg 65,8 GWh. Prosjekta kan bidra positivt til å oppnå målet om å auke produksjonen av fornybar energi med 26,4 TWh i Noreg og Sverige.

NVE har bede om at sakene skal vurderast kvar for seg, men også samla viss det er aktuelt. Fylkesmannen skal vurdere om kjende allmenne interesser kan verte råka, og i tillegg vurdere tiltaket etter lakse- og innlandsfisklova og ureiningslova. Vi legg vidare vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta. I tillegg vurderer vi landbruks- og beredskapsinteresser dersom desse interessene vert råka.

2. Utbyggingsplanar

2.1 Kjerringnes kraftverk

Kjerringnes kraftverk vil nytte eit fall på 507 m mellom inntaket på kote 681 og kraftstasjonen på kote 174 i Kjerringneselvi på vestsida av Veitastrondsvatnet. Vassvegen på 1360 m er planlagt som bora sjakt, tunnel og røyr i tunnel. Utlauget frå kraftstasjonen skal gå direkte i Veitastrondsvatnet om lag 250 m nord for elvemunningen. Inntaket skal byggjast veglaust. Det skal byggjast eit kaianlegg like ved kraftstasjonen. Ny kraftleidning er planlagt med 1400 m sjøkabel og 200 m jordkabel. Maksimal slukeevne er på 2,3 m³/s (230 % av middelvassføringa). Utbygginga vil redusere vassføringa over ei samla elvestrekning på 1500 m. Det er planlagt å sleppe minstevassføring tilsvarande 5-persentilar sommar og vinter. Årleg produksjon er berekna til 25,8 GWh. Utbyggingsprisen er 3,60 kr/kWh.

Det går fram av konsesjonssøknaden at det er grunneigarane på gnr/bnr 130/1 som står bak søknaden. Ingen av dei bur i Luster kommune. Kjerringneselvi under kote ca. 600 ligg på gnr/bnr 130/3, og eigaren bur også utanfor Luster kommune og er ikkje nemnt som søkjar. Utmarka over ca. kote ca. 600 er det felleseige mellom gnr./bnr 130/1 og 130/3.

2.2 Ugulsvik kraftverk

Ugulsvik kraftverk vil nytte eit fall på 654 m mellom inntaket på kote 830 og kraftstasjonen på kote 176 i Vikaelvi på austsida av Veitastrondsvatnet. Vassvegen på 1490 m er planlagt som nedgrave røyr og røyr i dagen (midtre del). Det er planlagt å byggje 1700 ny veg opp til der røyrret skal leggjast i dagen (ca. kote 400?). Det må og etablerast 200 m ny kraftleidning (jordkabel). Maksimal slukeevne er på 0,58 m³/s (200 % av middelvassføringa). Utbygginga vil redusere vassføringa over ei samla elvestrekning på 1500 m. Det er planlagt å sleppe minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring. Årleg produksjon er berekna til 9,9 GWh. Utbyggingsprisen er 3,52 kr/kWh. Det er ingen som bur i Ugulsvik pr. i dag.

2.3 Storelvi øvre og Storelvi nedre kraftverk

Storelvi øvre kraftverk er planlagt med inntak på kote 233,5 og avlaup på kote 211 i Storelvi i Veitastrond. Storelvi nedre kraftverk er planlagt med inntak på kote 209 og avlaup på kote 183. Vassveg på respektive 310 m og 565 m er planlagt som nedgravne røyr. Det er planlagt å byggje totalt 455 m ny veg. Ny kraftleidning er planlagt som 1300 m jordkabel (øvre) og 100 m luftline (nedre). For begge kraftverka vert slukeevna på 22,5 m³/s (179 % av middelvassføringa), og minstevassføringa vert på 2,5 m³/s om sommaren (35 % av 5-persentil sommar) og 0,67 m³/s om vinteren (5-persentil vinter). Utbygginga vil redusere vassføringa over ei elvestrekning på 315 m (øvre) og 580 m (nedre). Mellom kraftstasjonen på det øvre kraftverket og inntaket på det nedre kraftverket er det ei elvestrekning på ca. 600 meter som ikkje vert utbygd. Årleg produksjon og utbyggingspris er berekna til høvesvis 14,2 GWh og 2,78 kr/GWh (øvre) og 15,9 GWh og 3,10 kr/GWh (nedre).

3. Miljøvernfareleg vurdering

Ved siste statusgjennomgang var 54 % av vasskraftpotensialet i Sogn og Fjordane utbygd til kraftproduksjon (NVE, 31.12.2011). Dei nye prosjekta er ofte konfliktfulle og fører i aukande grad til inngrep i verdifulle natur- og friluftsområde, eller kan vere uaktuelle på grunn av høge kostnader. Dette er eit resultat av at dei minst konfliktfulle og mest økonomiske prosjekta gjerne alt er realiserte.

Veitastrondsvatnet er reguleringsmagasin for Årøy kraftverk, men elles er området lite prega av kraftutbygging i dag. I kommunedelplanen for småkraftverk i Luster er dei fire kraftprosjekta plasserte i hovudområdet Veitastrond, der det per i dag er gjeve konsesjon til fem kraftprosjekt (Holen kraftverk, Utladøla kraftverk, Eldedalen kraftverk, Vettle Svardalen kraftverk og Svardøla kraftverk) og avsele ein småkraftsøknad (Snauedøla kraftverk). I miljøutgreiinga er det vurdert at «*..Den samlede konsekvensen for Veitastrondområdet vurderes derimot å bli stor negativ for både landskap, inngrepsfri natur og brukerinteresser dersom alle kraftverkene blir utbygd.*» Vi er samde i dette, og det må difor vurderast heilskapleg og samla for heile området kva for nye kraftverk i området som skal få konsesjon, fordi den samla påverknaden av alle utbyggingane på eit landskap av nasjonal verdi inn mot ein nasjonalpark kan verte for stor. Dersom dei allereie konsesjonsgjevne prosjekta vert realiserte, og det i tillegg skal opnast for fire nye kraftprosjekt, kan landskapet på kort tid verte endra dramatisk frå urørd vassdragsnatur til å framstå som stort sett utbygd.

Vi ber såleis NVE vurdere om den samla påverknaden av å byggje alle omsøkte kraftverk i Veitastrond-området vert så stor at prosjekt bør avslåast sjølv om dei kan akseptast kvar for seg. Vi stiller oss til rådvelde om NVE ønskjer å drøfte dette vidare med Fylkesmannen.

Kunnskapsgrunnlaget om naturtypar og biologisk i influensområda er generelt svakt. Områda ved Veitastrondsvatnet vart mangelfullt undersøkt under rundane med naturtypekartlegging i 2001/02 og 2009/10. Fokus på pressområde betyr at andre område i liten grad vart kartlagde, og dette gjaldt særleg naturtypar i skog og fjell. I den grad miljøutgreiingane for dei fire kraftprosjekta baserer seg tungt på eksisterande data, er det m.a.o. tynt grunnlag for konklusjonar både om raudlisteartar og naturtypar. Det ser ut til å vere gjennomført ein feltinnsats på ein dag for alle prosjektområda, men feltarbeidet har skjedd alt for seint i sesongen for å kunne vurdere konsekvens for fugl og dels også karplantar for Kjerringnes kraftverk (21. september) og Ugulsvik kraftverk (10. august og 13. september).

Den miljøvernfarelege vurderinga vår byggjer på fagrapportane i søknaden og eigne inntrykk frå ei synfaring 2.10.2013. For prosjekta i Storelvi vart inntak, kraftstasjon og røyrгатetrasear

vurderte i felt, medan Kjerringneselvi vart sett på frå fylkesvegen på andre sida av Veitastrondsvatne. Vikaelvi i Ugulsviki vart vurdert frå turstien opp til der røyrgata er planlagd i dagen.

3.1 Kjerringnes kraftverk

Etter vår vurdering er det den største konflikten for allmenne interesser knytt til at kraftverket vil råke eit urørt naturområde. Visuelt framstår vestsida av Veitastrondsvatnet som urørt natur med innslag av gamle gardar og kulturlandskap. Nedbørfeltet til Kjerringneselva er i all hovudsak upåverka av inngrep, og øvre del av feltet inngår i Jostedalsbreen nasjonalpark. Det er ingen infrastruktur i prosjektområdet, og med unntak av ei hytte like ved elva på kote 700 er det ingen bygningar innafor nedbørfeltet. Vi reknar med NVE får klarlagt eigartilhøva mellom gnr/bnr 130/1 og 130/3 som ein del av konsesjonshandsaminga.

Kraftverket er planlagt med veglaust inntak og vassstunnel i fjell, og dette vil vere heilt avgjerande for å kunne bygge ut eit vassdrag i eit slikt urørt naturområde. Også med denne løysinga vil tiltaket redusere inngrepsfrie naturområde (INON). Den prosentvise endringa er størst i det villmarksprega området (i alt ca. 5,5 km² vurdert ut frå Fylkesatlas), som vil verte redusert med 18,2 % i følgje søknaden, dvs. ca. 1,0 km². Det aller meste av denne reduksjonen skjer innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark. Det vert små endringar av INON-sone 1 og INON-sone 2. I miljøutgreiinga er verknaden vurdert til å vere middels negativ på grunn av bortfallet av villmarksprega område.

På tiltaksstrekninga renn Kjerringneselvi ned bratte fjellskråningar i fleire svingar, stadvis over store sva, og i midtre delar i eit lite kløfteparti. Det er særleg to fossar som er synlege frå vatnet og på ei kort strekning frå FV 337. Fossen i øvre parti er truleg den som vert oppfatta som mest markant ved store vassføringar. Etter vår vurdering er elva med fossane viktige for landskapsopplevinga, men utan å kunne seiast å dominere veldig i landskapsbiletet.

I søknaden (s. 24) heiter det at: «.. *Det vide landskapsrommet har mange gode kvaliteter med mangfold i form, farge og tekstur. De bratte fjellsidene, kulturlandskapet og Veitastrondvatnet med sin ofte karakteristiske blågrønne farge skaper kontraster og sterke inntrykk. Landskapet ligger i en region som representerer noe av det ypperste innen opplevelsesverdi, men det nære landskapet i tiltaksområdet er noe mindre kontrastfylt og mangfoldig. Landskapet vurderes å ligge mellom klasse A2: landskap med høy inntrykksstyrke og stort mangfold og klasse B1: landskap som er typisk for regionen og uten inngrep. Temaet landskap vurderes til middels til stor verdi.*» Konsekvensvurderinga er vidare at «.. *Tiltaket medfører små inngrep ved etablering av inntak, kraftstasjon og tunnelpåslag. Redusert vannføring vil ha liten negativ virkning for Kjerringneselva som landskapselement. Vurdering: Middels til stor verdi og liten negativ virkning gir liten negativ konsekvens (-).*»

Etter vår vurdering er konsekvensen sett for lågt, ut i frå at landskapsverdien er sett opp i A2, og det vil kome inngrep i eit urørt naturområde. Det er viktig å sjå samanhengen mellom INON og landskap/topografi, jf. «Retningslinjer for småkraftverk» (s. 22) som diskuterer topografi og INON. Oppleving av urørtheit er et kvalitetskriterium uansett, uavhengig av INON.

Vi kjenner ikkje til at området ved tiltaksstrekninga er nytta til friluftsliv, utover at den nedste delen kan vere tilgjengeleg med tilkomst med båt på Veitastrondsvatnet, og at det truleg vert fiska i elvemunningen. Det kan vere lokale interesser som ikkje vi kjenner til.

I naturkartlegginga for dette prosjektet vart det registrert ein prioritert naturtype, fossesprøytsone (verdi C), ved høgdekote 560. Denne vil verte påverka av redusert vassføring i Kjerringneselvi. Det er ikkje registrert raudlisteartar i influensområdet. Fossekall hekkar truleg ved elva og vil verte råka av at vassføringa vert redusert. Det same gjeld elvelevande aure og andre vasstilknytte artar på tiltaksstrekninga. I følge rapporten er det ikkje gunstige gyttelilheve for aure frå Veitastrondsvatnet i den nedste delen av elva. Det vil likevel vere ei føremon om utlaupet vert lagt i elva i staden for direkte ut i Veitastrondsvatnet, både for fisk og for landskap.

Det er planlagt å sleppe minstevassføring tilsvarande 5-persentil sommar og vinter. Dette vil sikre ein viss dynamikk gjennom året og avbøte dei negative effektane for landskap og biologisk mangfald.

Utbygginga vil generere om lag 19 000 m³ massar som er planlagt å dumpe i Veitastrondsvatnet. Dette må planleggjast i tråd med føringane i naturmangfaldlova, og krev løyve etter ureiningslova §§ 11 og 16.

Konklusjon

Den største konflikten for allmenne interesser ved å byggje Kjerringnes kraftverk er reduksjonen i villmarksprege naturområde, og at det blir synlege inngrep i natur som i dag framstår som i stor grad urørt og utgjør eit inntrykksfullt landskap. Med dei løysingane som valt for prosjektet vil vi likevel ikkje gå i mot søknaden.

3.2 Ugulsvik kraftverk

Fylkesmannen har tidlegare vurdert eit kraftprosjekt i Vikaelva. I fråsegna til meldinga om Ugulsvik minikraftverk i 2005 konkluderte vi med at eit kraftverk med inntak på kote 407 var i vesentleg konflikt med allmenne interesser og difor var konsesjonspliktig, medan eit alternativ med inntak på kote 335 var akseptabelt og kunne få konsesjonsfritak. Ut i frå dette kan vi innleiingsvis seie at Ugulsvik kraftverk med inntak på kote 830 vil råke allmenne interesser. Den største konflikten er knytt til at tiltaket vil råke landskapet på grunn av tekniske inngrep og redusert vassføring etter utbygging.

Elva renn over sva på store delar av den bratte fjellsida og er godt synleg frå Veitastrondsvatnet og frå FV 337 som er tilkomstveg for regionalt reisemål, spesielt på det bratte partiet midt i trassen. I den naturfaglege delrapporten til kommunedelplanen om småkraft i Luster kommune vert landskapsverdien skildra slik: *«God visuell tilgjengelegheit. Særs synlig og framtrædande, sterkt landskapselement. Einaste markerte fossestryk i landskapsrommet.»* Redusert vassføring etter utbygging vil redusere verdien av elva som eit landskapselement. Nivået på minstevassføringa vil avgjere i kva grad skaden kan avbøtast.

Kraftverket med inntak, vassveg og kraftstasjon med nødvendig infrastruktur vil i større eller mindre grad utgjere naturinngrep ved all kraftutbygging. Val av tekniske løysingar kan avgjere om tiltaka vert tilstrekkeleg miljøtilpassa og dermed akseptable for dei allmenne interessene. Dette prosjektet er planlagt med 1700 m ny veg i ei bratt fjellside opp til ca. 400 moh. Dette vil i følge miljøutgreiinga gje store konsekvensar særleg for landskapet. Vidare er delar av røyrkata (midtre del) planlagt som røyr i dagen, i eit område med bart fjell, og elles nedgraven. Det kan også vere utfordrande å finne eigna trase for den delen av røyrkata som skal gravast ned, utan at det vert omfattande inngrep. Øvre del og det bratte partiet er planlagt veglaust, men vassvegen vil likevel verte synleg. På bakgrunn av dette meiner vi prosjektet slik det er planlagt ikkje er i tråd med føringane i naturmangfaldlova § 12. Etter vår vurdering vil tiltaket føre til så store inngrep at det må stillast krav om tunnel for heile vassvegen, og at veg opp etter fjellsida ikkje skal byggjast. Vi les søknaden slik at

behovet for å byggje veg er knytt til at vassvegen går i røyr og ikkje i tunnel, slik at det ved å leggje vatnet i tunnel ikkje vert nødvendig å byggje vegen.

Det ligg eit regionalt friluftsområde i øvre delar av nedslagsfeltet som inngår i eit stort samanhengande friluftsområde i dei høgare delane av fjellryggen. Så langt vi kjenner til er stien opp frå Ugulsvik lite nytta til friluftsmål, og tiltaket vil ikkje vere i avgjerande konflikt med friluftinteressene i nærområdet. For reiselivet og opplevinga av landskapet er det viktig at inngrepa og vassuttaket ikkje vert større enn høgst naudsynt.

Det planlagde småkraftverket vil redusere INON-sone 2 med om lag 1570 daa, medan om lag 33 daa INON sone 1 vil verta redusert til INON-sone 2.

Det er ikkje registrert prioriterte naturtypar eller raudlisteartar i influensområdet. Det er truleg lite potensial for raudlisteartar. Det er påvist skogmarihand, som er relativt sjeldan (ikkje raudlista) og som krev fuktig og helst kalkhaldig jord.

Avbøtande tiltak. Planlagt minstevassføring tilsvarar alminneleg lågvassføring, men det er ikkje grunngjeve korleis dette kan vere tilstrekkeleg til å avbøte skade på dei allmenne interessene. Nivået er alt for lågt til å avbøte dei landskapsestetiske skadane, og etter vår vurdering må minstevassføringa i sommarhalvåret fastsetjast minst på nivå med 5-persentilen. Dette vil sikre ein viss dynamikk gjennom året, og bidra til å oppretthalde elva som eit landskapselement og gje eit visst livsgrunnlag for vasstilknytt flora og fauna.

Konklusjon

Tiltaket er konfliktfullt for allmenne interesser både på grunn av omfattande tekniske inngrep i ei ope fjellside og på grunn av redusert vassføring etter utbygging. Inngrepa ser for oss ut til å kunne verte så omfattande at vi vil tilrå at heile vassvegen vert lagt i tunnel og at det ikkje vert bygd veg i fjellsida. Utan eit tunnelalternativ meiner vi tiltaket ikkje er planlagt i tråd med naturmangfaldlova § 12 og ikkje akseptabelt for dei allmenne interessene. Minstevassføringa må aukast minst til nivå for 5-persentil i sommarhalvåret. Med tilpassingane nemnd ovanfor meiner vi at tiltaket kan akseptast.

3.3 Storelvi øvre og Storelvi nedre kraftverk

Det er planlagt å regulere to relativt korte strekningar på 300 m (øvre) og 560 m (nedre). Mellom øvre stasjon og nedre inntak er det ei strekning på om lag 600 m utan særleg fall der elva vil renne som i dag.

Den største konflikten er knytt til at tiltaka vil råke landskapet og friluftinteressene på grunn av tekniske inngrep og redusert vassføring etter utbygging i eit naturområde av nasjonal verdi og innfallsport til Jostedalsbreen nasjonalpark. Kraftverka med inntak, vassvegar og kraftstasjonar med nødvendig infrastruktur vil i større eller mindre grad verte synlege inngrep. Val av tekniske løysingar og nivået på vassføringa etter utbygging kan avgjere om tiltaka vert tilstrekkeleg miljøtilpassa og dermed akseptable for dei allmenne interessene. Begge tiltaksstrekningane har fosseparti med heilt særeigne formasjonar (jettegryter) og i eit omfang som er uvanleg i norsk vassdragsnatur. Inntrykket frå synfaringa var at dette er aller mest framtreidande for strekninga som inngår i det øvre prosjektet, men er sterkt til stades også i nedre Storelvi. Dette stiller ekstra store krav til dei tekniske løysingane ved eventuell utbygging til kraftføremål.

Vegen til Tungastølen er innfallsport til Jostedalsbreen nasjonalpark og til det nasjonalt viktige friluftsområdet som startar ved stølen og omfattar Langedalen og Austerdalen i tillegg til nasjonalparken. Vårstølen er innfallsport til Snauedalen og turen over til Supphelledalen og til Fjærland som går gjennom Jostedalsbreen nasjonalpark og må reknast som eit

nasjonalt viktig friluftsområde. Tilkomst til denne turruta (DNT-rute) til Fjærland skjer på brua ved Vårstølen, altså rett ved den planlagde kraftstasjonen, eller til/frå Tungestølen. Langs tiltaksstrekningane går folk på tur både langs bilvegen på austsida av Storelvi, og langs vestsida av Storelvi (T-merkt rute i følgje Sogn og Fjordane Turlag) som ein del av turen mellom Tungestølen og Vårstølen/Snauedalen og over til Fjærland. Det er truleg færre som går ruta vest for Storelvi mellom Vårstølen/Snauedalen og Tungestølen enn mellom Vårstølen/Snauedalen og over til Fjærland. I kommunedelplanen for småkraftverk i Luster kommune er Veitastrond nemnd som eit av fem særskilte turområde i kommunen: *«DNT-hytta på Tungestølen er kjend som utgangspunkt for mektige breopplevingar. Herifrå går det merka turstiar både mot Austerdalsbreen og vestover mot Fjærland som er kjend nasjonalt.»*

Det er registrert to naturtypelokalitetar som vert verdsett som lokalt verdifulle (C); dette er ei naturbeitemark og ein beiteskog (naturtilstand ville vore flaummarkskog). Naturbeitemarka vert ikkje råka av fysiske inngrep, men fukttilhøva i beiteskogen kan verte reduserte etter utbygginga. Det er ikkje påvist raudlisteartar innafor influensområdet. I miljøutgreiinga er tiltaket samla sett vurdert til å ha ein liten negativ verknad for biologisk mangfald. Vidare er det tilrådd å undersøke evertebratfaunaen i elva, då elva kan samanliknast med nærliggande breelver med svært sjeldan insektfauna. Eventuelle funn frå slike undersøkingar vil i følgje utgreiinga endre vurderingsgrunnlaget. Elva har også store naturverdiar knytt til strekningar ovanfor øvste inntak som ikkje vil verte råka av tiltaket.

Lokale opplysningar tilseier at det kan vere gode gyteplassar for aure og fiskeplassar i sideelvar til Storelvi. Desse områda kan ha stor verdi for bestanden i Veitastrondsvatnet, sidan det er få gyteområde for aure i indre del av Veitastrondsvatnet. Det er viktig å sikre vandringa mellom vatnet og sideelvane, samt eventuelle gyte- og oppvekstområde i Storelvi. Det må det vurderast kva konsekvensar eventuelle utfall i kraftstasjon vil få for vassdekt areal og dermed for fisk, og eventuelt om det er behov for omlaupsventil.

Storelvi øvre kraftverk er planlagt med inntak i eit område med store naturverdiar; jettegryter i gjelet rett nedanfor dammen og ei elveøy ovanfor som er svært sårbar for endringar i vassføring. Vidare vil anleggsvegen gå gjennom ein blåbærbjørkeskog og krysse fleire små myrar og fuktsig, og kraftstasjonen er også planlagt bygd på ei lita fastmattemyr. I følgje miljøutgreiinga har desse myrane ikkje spesielle biologiske verdiar. Frå inntaket skal røyrkata forsere eit vanskeleg parti der det er planlagt å sprengje seg gjennom eit berg på vegen mot myrflatene retning vegen.

Storelvi øvre kraftverk med inntak, kraftstasjon og påverka elvestrekning vil verte lite synleg frå vegen til Tungastølen, så vi vurderer påverknaden på friluftinteressene som akseptable. Det må likevel stillast store krav til detaljplanlegginga av inntak, kraftstasjon og første del av røyrkata på grunn av dei nemnde naturverdiane. Vi vil understreke spesielt at det ikkje må gjerast inngrep i jettegrytene, som vi vurderer til å ha stor verdi også nasjonalt. Elveøyra må også ivaretakast i størst mogleg grad, og til saman tilseier dette at denne delen av vassvegen må leggjast i tunnel gjennom bergnakken.

Storelvi nedre kraftverk vil i langt større grad verte synleg og råke landskapet og friluftinteressene. Inntaket samt delar av strekninga som vil få redusert vassføring etter utbygging vil verte godt synleg frå vegen, og tiltaket vil dermed redusere landskapsverdien for turgåarar og reisande til og frå Tungastølen. Elva med fossen rett ovanfor brua og kraftstasjonen nedafor brua er godt synlege både frå brua og delar av denne sidevegen. Inngrepa og strekninga med redusert vassføring vil også verte synleg frå turstien i Snauedalen. Olje- og energidepartementet har tidlegare avslege eit kraftprosjekt i Snauedøla på grunn av dei store landskaps- og friluftinteressene.

Inntaket til Storelvi nedre kraftverk er planlagt direkte i ein bergskolt med jettegryter. Vidare er det planlagt å sprengje trasé for vassvegen gjennom ein skolt til i retning vegen. Dette

vert etter vår vurdering omfattande inngrep i og ved viktig vassdragsnatur. Når det gjeld traseen ved vegbommen på Vårstølen forstod vi på synfaringa at vassvegen skal leggjast rett utanfor bergskolten som ligg nær vegen sjølv om teikningane i søknaden viser at røyrkata skal følgje elvekanten. Dersom det skal etablerast eit kraftverk vil trasé nær bergskolten etter vår vurdering vere ei betre løysing.

Konklusjon

Kraftprosjekta er planlagt i eit område med spesielt store landskaps- og friluftsinnteresser på grunn av nærleiken til Jostedalsskreen nasjonalpark. Tekniske inngrep og redusert vassføring etter utbygging vil råke desse interessene, men dei to kraftprosjekta vil gjere dette i ulik grad.

Storelvi øvre kraftverk med inntak, kraftverk og regulert strekning vil vere lite synleg frå innfartsvegen til nasjonalparken og det regionalalt viktige turområdet ved Tungastølen, og vi vurderer påverknaden for landskap og friluftsliv som akseptable dersom det vert sett som vilkår at det ikkje vert gjort inngrep i dei unike jettegrytene nedanfor inntaket, og at elveøyra ovanfor inntaket kan ivaretakast.

Storelvi nedre kraftverk med inntak, kraftverk og regulert elvestrekning vil vere svært synleg og vil etter vår vurdering råke landskapet og friluftsinnteressene i stor grad, slik det var for søknaden om Snauedøla kraftverk. Vi vil *rå i frå* at det vert gjeve konsesjon til Storelvi nedre kraftverk.

3.4 Ureining, vasskvalitet og støy

Vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum god økologisk status. Forskrifta opnar ikkje for at det kan utførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12. Når det gjeld anleggsfasen viser vi til reglane i ureiningslova. Dersom anleggsfasen kan medføre spesielle ulemper for miljøet eller varer i lengre tid, må den ansvarlege søkje Fylkesmannen om utsleppsløyve (anleggskonsesjon).

Det må leggjast vekt på støydempende tiltak knytt til kraftstasjonen. Behovet for dette vil avhenge av nærleiken til næraste bustad, hytte eller næringsbygg. Støynivået må halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging», jf. punkt 3.1 «Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse» og punkt 3.3 «Retningslinjer ved etablering av ny støyende virksomhet».

4. Landbruksfagleg vurdering

Dei planlagde utbyggingane vil i liten grad råke jord- og skogbruksareal, og med unntak for sjølve anleggsperioden, kan vi ikkje sjå at tiltaka vil føre til varige ulemper for landbruket i området. Prosjekta i Storelvi vil styrke næringsgrunnlaget og dermed også sikre busetnaden på gardane som har rettar i vassdraget. Det går fram av konsesjonssøknaden for Storelvi Øvre og Storelvi Nedre at tiltaksområdet vert nytta som sommarbeite for både storfe og småfe. Her finst det også aktiv stølsdrift. Lågare vassføring etter ei kraftutbygging kan redusere vassdraget sin funksjon som gjerde, og problem med at beitedyr kryssar elva når vassstanden er låg. Vi ser det difor som viktig at det vert vurdert avbøtande tiltak, t.d. i form av gjerdehald der det er nødvendig.

5. Beredskapsfagleg vurdering

Det går fram av konsesjonssøknaden for Storeelvi Øvre og Storeelvi Nedre kraftverk, at ei utbygging vil kunne gi sikrare straumforsyning lokalt. Det vert opplyst at den eksisterande 22 kV-kraftlinja er utsett for skred, og at den difor har mange årlege utfall. Ei utbygging av fleire småkraftverk vil gjere det nødvendig å byggje ein ny kraftlinje mot Hafslo, noko som vil kunne gi sikrare straumforsyning for Veitastrond. Det vert òg opplyst at Luster Energiverk AS ønskjer å kunne køyre eit av kraftverka på Veitastrond utan kontakt med overliggjande nett. Lokale abonnentar vil i så fall kunne sikrast straumforsyning sjølv om det er utfall av kraftlinja til Hafslo.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
assisterande fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Luster kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Miljødirektoratet